

Referat styremøte i Myrkdalen LP på skulen 4. des 2008.

Desse møtte: Kjetil Skjervheim, Arvid Berland, Asbjørn Tveite, Terje Kvalfoss, Jorunn Hirth, Per Backer, Torill Årnot, Gudmund Furu.

Garden som pedagogisk ressurs: Fylkesmennene i Hordaland, S& Fj. og Møre & R inviterer til: Kurs med 3 samlingar (Fjordslottet- Osterøy + Sogn Jord-& Hagebruksskule – Aurland + Håholmen) Vonar nokon kan vera med på opplegget som gjev 10 studiepoeng. Meir detaljar på heimesida: myrkdalen.org. LP vil stø deltakarar økonomisk.

Landskapsopplevingar: Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen vil koma på besøk og sjå kva me kan tilby 28. – 30. aug. Gjeld Myrkdalen Hestesenter og Myrkdalen Event.

Nasjonal konferanse for Landskapsarkitektur: Vert skipa til på Stalheim 12 – 13. mai. Kjem attende til dette seinare.

Stand i Bergen ”Reiseklar 2009” vert skipa til 16 – 18. januar. Kan vera aktuell for nokon av oss t.d. Myrkdalen Tre Design.

Opning av Myrkdalstunnelen: Vert laurdag 20. desember. Landskapsarkitekturen organiserer opningsseremonien + påfølgjande middag i skulen.

Båtplass ved Myrkdalsvatnet: Aktuelt område er på Nesheim tett inntil det verna området. Området er plassert inn på kommunedelplanen, alle grunneigarane er kontakta og er stort sett positive. Høveleg storleik 20 båtar? Må opparbeidast parkeringsplass + utbetra nedste del av vegen.

Julegåve til gode hjelparar som bidrog på Myrkdalsmarsjen. LP spanderer konfekt på desse. (Asbjørn og Jorunn veit kven det var)

Badeplass kan ikkje plasserast ved båtplassen. Vonar Vegvesenet ryddar opp i Øyni slik at ein kan nytta den som var brukt før.

Rekneskapa vert avslutta ved årsskiftet. Har nokon rekningar, lever desse til Per snarast! Heimesida kan visa til aukande tal besøkande.

Årsmøtet skal haldast innan utgangen av februar.

Neste styremøte: torsdag 15. januar hjå Kjetil Skjervheim.

Møtet slutt

Gudmund F
- ref-